

**Fra:** Ola Midttun <Ola.Midttun@fiskeridir.no>  
**Sendt:** 13. oktober 2014 15:36  
**Kopi:** Postmottak Meland  
**Emne:** Askøy og Meland kommune Hordaland - Oppstartsmelding revidert verneforskrift og tilhørende forvaltningsplan for Herdla naturreservat - uttale

Meland Kommune  
 Postboks 79  
 5906 FREKHAUG

Sakshandsamar: Ola Midttun  
 Telefon: 46888567  
 Seksjon: Region Vest forvaltningsseksjon  
 Vår referanse: 14/10043  
 Dykkar referanse:  
 Vår dato: 13.10.2014  
 Dykkar dato: 30.07.2014

Att:

## Elektronisk post

### ASKØY OG MELAND KOMMUNE HORDALAND - OPPSTARTSMELDING REVIDERT VERNEFORSKRIFT OG TILHØRENDE FORVALTNINGSPLAN FOR HERDLA NATURRESERVAT - UTTALE

Vi viser til brev av 30.07.2014 frå Fylkesmannen i Hordaland med melding om formell oppstart av arbeid med verneplan for Herdla naturreservat med kringliggjande fuglelivsfreding.

#### Føremål og planstatus

Føremålet med vernet er å ta vare på eit av dei viktigaste områda for fuglelivet i Hordaland, og gjere om eksisterande fuglefredings-område til naturreservat med verneforskrift som er i tråd med dagens situasjon. Herdla har vore verna som fuglefredings-område sidan 1985, men bruken av reservatet har sidan endra seg og det er no trong for revisjon av dei gamle vernereglane.

Utkast til forvaltningsplan for Herdla naturreservat vart laga i 2010, men dokumentet har aldri vore sendt på høyring. Arbeid med verneplan som no tek til vil stort sett basere seg på utkastet som vart laga i 2010, men vil bli oppdatert og redigert på einskilde område. Det er verne forma naturreservat etter § 37 i naturmangfaldlova som er aktuell verneform.

Kart over planområdet som er vedlagt oppstartsmelding syner grenser for eksisterande fuglefredingsområde og framlegg til grenser for nytt naturreservat.

Fylkesmannen i Hordaland føreslår ei utviding av verneområdet til å inkludere heile Agnøyane nord for Herdla, med unnatak av ei mindre hyttetomt. Ein del av Lamøysundet i sør vert føreslått teke ut av verneområdet.

#### Innspel frå Fiskeridirektoratet region vest

### Trålfelt reke i Sætreosen

Fiskeridirektoratet har registrert eit område for aktiv reiskap i Sætreosen på grensa mellom Askøy kommune og Meland kommune. Den djupaste delen av Sætreosen vert rekna som eit godt rekefelt kor det tidvis går føre seg fiske med trål (botntrål). Størstedelen av det registrerte rekefeltet er utafor grensa til det planlagde naturreservatet, med unnatak av nordvestre hjørne av feltet som delvis kjem innafor. Reketråling vert likeeins med alt anna fiske i sjøen (med unnatak fiske etter laks og aure) regulert under havressurslova. Innafor Hordaland fylke er det ikkje tillate å nytte trål på grunnare farvatn enn kote -100 meter eller djupare. Rekefelta Fiskeridirektoratet har registrert er likevel lagt inn med tilstrekkeleg buffer m.o.t. manøvrering og vending av trålfartøy.

Fiskeridirektoratet region vest ser ikkje trålfiske i Sætreosen som konfliktfyllt i høve til føremålet med verneplanlegginga som knyt seg til bevaring og sikring av fulglelivet på Herdla. Trålinga går føre seg på djupare farvatn, og i all hovudsak er dette sjøområde utafor grensa til verneområdet. M.o.t. til innføring av restriksjonar for ferdsle på sjøen, ber vi derfor om unnatak for næringsmessig fiske som knyt seg til bruk av registrert rekefelt.

Registrerte rekefelt kan sjåast gjennom kartverktøyet på Fiskeridirektoratet si heimeside [www.fiskeridir.no](http://www.fiskeridir.no) (under temalag 'Kystnære fiskeridata', hak av Fiskeplasser – aktive redskap).

Med helsing

Kari Morvik  
seksjonssjef

Ola Midttun  
seniorrådgiver

*Brevet er elektronisk godkjent og vert sendt utan underskrift*

**Mottakarliste:**

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN

| <b>Kopi til:</b> |  |      |           |
|------------------|--|------|-----------|
| Fiskarlaget Vest | Slottsgt. 3                                | 5003 | BERGEN    |
| Kystverket Vest  | Plan- og<br>Kystforvaltningsavd<br>elingen | 6025 | ÅLESUND   |
| Askøy Kommune    | Postboks 323                               | 5323 | KLEPPESTØ |
| Meland Kommune   | Postboks 79                                | 5906 | FREKHAUG  |